av formannen, Torolf Fyksen.

# HARDINGLAGET



**Fra venstre: Lærer Aksnes, kasserer Erling Oma, Alf Aksnes, Hanna Utne, styremedlem Nils Lidsheim (sittende), Einar Davidsen (formann), Knut Dølve (næstformann), Anna Gjernes.**

hadde skipa til Strandebarm-kveld i Oslo lærerinnelags hus laurdag 15. november.

Det var bra med folk frammøtt då formannen i 21-tidi gav ordet til Alf Aksnes, som opna Strandebarm-programmet med å lesa upp eit dikt um Strandebarm. — Deretter gav Erling Oma ei utførlig utgreiding um Strandebarm og strandbermingane fram gjenom tidene. Folk tok tidleg til å byggja og bu i Strandebarm, og det er mangt og mykje som tyder på at strandbermingane har vore både driftige og framtøkne.

Lærar Magnus Aksnes las so upp eit styke av Hans E. Kinck. Kinck vaks upp i Strandebarm, og han har skildra Vestlandet og vestlendingen i diktingi si. Det er ikkje berre godord Kinck har å segja um vestlendingen, men her som elles kjem det an på «dei augo som ser». Kinck fann seg nog ikkje til rettes i vestlandsmiljøet, og det han skrev vart farga deretter.

So fekk me sjå ljosbilæte frå Strandebarm og bygdene derikring. Lærar Aksnes fortalde greidt og utførleg um dei stadene me fekk sjå bilæte av.

Det vart so dans til festen var slutt burtimot klokka 24.

H.